



HØGSKOLEN I AGDER
Agder University College

Årsmelding 2001

Året 2001 på Høgskolen i Agder



Rektor Ernst Håkon Jahr

Året 2001 blei eit spesielt viktig år for utviklinga av Høgskolen i Agder. Høgskolen utvikla seg fagleg og fysisk, og i dette året blei det gjort avgjerande viktige politiske vedtak om framtida for høgre utdanning i Noreg. To hendingar var spesielt sentrale for Høgskolen i Agder: Innflyttinga på og opninga av Campus Gimlemoen i Kristiansand, og stortingsvedtaket 12. juni som opna for nye universitet i Noreg.

Med innflyttinga på Gimlemoen, med om lag 55.000 kvadratmeter i dei ulike bygga, blei nesten alle fagmiljøa i Kristiansand samla på éin stad. Den institusjonelle fusjonen som skjedde med høgskolereforma i 1994, fekk no sitt fysiske uttrykk i Kristiansand gjennom samlinga på éin campus.

Da statsminister Kjell Magne Bondevik foretok den høgtidelege opninga av Campus Gimlemoen 24. oktober, og samstundes sette i gang eit ur, som tel ned dagar som er att til 1. januar 2005, knytte han dei to viktigaste hendingane for HiA i 2001 saman. Datoen 1. januar 2005 er den fristen vi har sett oss til å oppfylle dei kvalitetskriteria som Stortinget fastsette 12. juni

for at ein institusjon skal kunne oppnå universitetsstatus.

Med samlinga på Gimlemoen er HiAs aktivitet no i hovudsak koncentrert om tre campusar – i Kristiansand, Grimstad og Arendal.

Vedtaket i Stortinget som opna for utviklinga av nye universitet i Noreg, kom ikkje av seg sjølv. I botnen låg eit solid framlegg frå Mjøs-komiteen våren 2000, men Stortingsmelding 27 i mars 2001 la i staden opp til eit svært utvatna universitetsomgrep for nye, komande universitet. Høgskolen i Agder argumenterte sterkt imot ei slik løysing. Vi såg oss ikkje tente med eit utvatna universitetsomgrep, og vi var glade for at Stortinget vedtok at det skal kvalitetsmessig breidde til for å oppnå universitetsstatus.

Politisk arbeid blei det òg behov for på hausten, med framlegget til ny universitets- og høgskolelov. Her blei det gjort framlegg om eit tydelig skilje mellom «gamle» og «nye» universitet når det galdt rett til å opprette og legge ned fag. Slik vi såg det, låg det her ein fare for at vi kunne få A- og B-universitet, og der alle nye ville bli klart plasserte i B-kategorien. Først i 2002 blei denne saka avgjort. Stortinget avviste framlegget om A- og B-universitet, og vedtok at alle universitet skal ha den same rett fagleg.

I 2001 kom den første tildeling til HiA frå Sørlandets kompetansefond. Kompetansefondet, som er etablert av kommunane i Vest-Agder, vil kunne spele ei avgjerande rolle i arbeidet med å få på plass det siste universitetskriteriet som

vi enno manglar: doktorgradsutdanning på fire ulike felt.

I august 2001 kom tilrådinga frå den sakkunnige komiteen som vurderte høgskolens søknad innan matematikk og matematikkdidaktikk. Komiteen konkluderte med at HiA burde få doktorgradsrett i matematikkdidaktikk.

Norgesnettrådet meinte likevel at HiA først måtte tilsetje fleire professorar i faget. Etter at det skjedde – med 4 kvinnelege professorar – fekk HiA doktorgradsrett i matematikkdidaktikk i 2002. Med doktorgradsrett i nordisk språk- og litteraturvitenskap frå før manglar HiA no to forskarutdanninger med doktorgradsrett for å ha oppfylt samlege universitetskrav fastsett av Stortinget.

Det er likevel nødvendig å ha for augo allereie no at dersom HiA skal bli eit universitet med ein slik kvalitet vi ønskjer, må den vitskaplege kompetansen ved heile høgskolen auke. Fire doktorgradsområde er kravet som Stortinget har fastsett, men det er viktig at institusjonen også utviklar kompetansen innan alle fagområde HiA har. Støtte frå Kompetansefondet er her heilt nødvendig, og vi treng eit slikt fond også for Aust-Agder, for at miljøa i Grimstad og Arendal skal kunne utvikle seg i same tempo som miljøa i Kristiansand.

I 2001 blei fleire spennande og perspektivrike samarbeidsavtalar inngått. Spesielt vil eg her nemne ein avtale om samarbeid med Amersham Health i Lindesnes, og ein intensjonsavtale om samarbeid med Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab i Trondheim.

Avtalen med Amersham Health gjeld Avdeling for realfag og Avdeling for teknologi.

Høgskolen i Agder prioriterte sterkt internasjonal deltaking, og knyter heile tida nye kontakter. Vi utvider såleis vårt samarbeid med institusjonar i alle verdsdelar. Saman med NORAD og UD held vi fram med eit omfattande samarbeid med institusjonar i Tanzania og Indonesia, frå 2001 også saman med Fredskorpset når det gjeld lærarutdanning i Kambodia. Saman med GRID-Arendal har høgskolen arbeidd for å få ei avdeling av FN-universitetet etablert i Arendal.

Dei første doktordisputasane på Gimlemoen blei haldne i 2001. Dette var disputasar innan matematikk og nordisk, som formelt låg under UiB. Forskingsaktiviteten og den internasjonale deltakinga auka i 2001 ved alle avdelingane. For å sikre at undervisninga heile tida utviklar seg kvalitetsmessig og er forskningsbasert, må det vere eit tett samband mellom forsking og undervisning.

Våren 2001 fekk HiA eit spennande, men krevjande oppdrag frå departementet: å utvikle eit pedagogisk opplegg for å skolere i prinsippet alle norske skolelærarar i IKT. LærarIKT er utan samanlikning det største eksterne oppdraget HiA har fått nokon gong, og prosjektgruppa som har arbeidd med dette – i samarbeid med fleire andre høgskolar og universitet – har løyst oppgåva på ein framifrå måte. Statsminister Bondevik nemnte LærarIKT i nyttårstalen sin, og la fram ambisjonen om å skolere 40.000 lærarar innan to år.

Eit merkeår for høgskolen

Styrets årsmelding:

Ein kan trygt slå fast at 2001 blei eit merkeår for Høgskolen i Agder med statsministeren si opning av den nye campusen på Gimlemoen 24. oktober som det mest synlege høgdepunktet.

Styret har hatt 8 møte og behandla 203 saker i 2001. Dei fleste sakene blei behandla i ope møte. Unnatak er i hovudsak tilsetjingssaker og klagesaker der omsyn til personvern krev behandling i lukka møte.

Søknad til Sørlandets kompetansefond

Styret behandla i juni den første søknaden om midlar frå Sørlandets kompetansefond til utvikling av høgskolen. Søknaden vektla ulike tiltak for kompetanseheving, særleg innanfor dei fire områda som høgskolen ønskjer å utvikle til doktorgradsnivå. Høgskolen fekk positiv tilbakemelding på søkna- den, men krav om skattlegging og uvisse om sal av aksjar gjør at fondet har tatt etterhald om storleiken på støttebeløpet. Dette inneber ein stor utryggleik, og kan skape problem i den vidare utviklinga av høgskolen.

Studium og studentar – kvalitetsreforma

Høgskolen har ei aktiv forvaltning av studieporteføljen og styret har i denne samanhengen behandla ei rekke studiesaker og omfordeling av studieplassar. Mellom anna vedtok styret å opprette ei desentral allmennlærarutdanning på Dømmesmoen i Grimstad for å kompensere for svikt i rekrutteringa til forskoleutdanninga. Også opptaket innan sivilingeniør- og siviløkonomutdanningane blei auka.



Styret for Høgskolen i Agder 2001.

Bak frå venstre: prorektor Audhild Vaaje, rektor Ernst Håkon Jahr, høgskoledirektør Tor A. Aagedal, direktør Jan Trygve Reinertsen, professor Pål S. Repstad, student Olav Paludan Birkeland, høgskoledosent Dag G. Aasland. Foran frå venstre: student Siri Svensen, generalsekretær Kari Kjennalen, førstekonsulent Wenche Flaten (referent), dagleg leiar Toril Runden, førstekonsulent Karen-Lise Knudsen og høgskolelektor Toril Terkelsen.

Desse tiltaka bidrog til at høgskolen heller ikkje i 2001 fekk problem med å nå det studentmåtalet på om lag 6100 som departementet har fastsett. Dette skjedde trass i at høgskolen i 2001 har ein reduksjon i talet på ordinære søkerarar, mellom anna gjekk talet på søkerarar til datastudiet ned.

I 2001 fekk høgskolen ei ny gruppe søkerarar, som ikkje har generell studiekompetanse, men som søker opptak på grunnlag av realkompe-

tanse. Om lag 70 av desse søkerane fekk studieplass.

Høgskolen starta i 2001 arbeidet med kvalitetsreforma, som mellom anna inneber ei omlegging av alle studium til ny gradsstruktur. Arbeidet skal vere slutført innan studieåret 2003/04.

Økonomi og budsjettildeling

Styret har i 2001 brukt mindre tid enn tidlegare på økonomi og bud-

sjettssaker. Dette har samanheng med ein generelt god økonomikontroll på høgskolen, og at styret som del av budsjettopplegget for 2001 vedtok ei omlegging av prinsippa for budsjettildeling, med større vektlegging av dokumenterte aktivitetar og resultat, og mindre skjønnsmessige fordelingar. Når det gjeld reknkapen, fekk høgskolen eit overskot, som blei søkt overført til 2002.

Glede over universitetsvedtaket

Innflytting og opning av ny campus

Arbeidet med å slutføre utbygginga på Gimlemoen var krevjande både for Statsbygg og høgskolen. Det var naudsynt å starte innflytting i dei nye lokalra før dei var ferdigstilte, og gjennom heile sommaren og utover hausten blei det gjennomført bygningsmessige arbeid samstundes med at lokalra vart teknne i bruk. Problem med mellom anna dataatenester gav store utfordringar for leverandørar og dei tilsette på høgskolen. Opninga av den nye campusen den 24. oktober og ei rekke andre arrangement som blei gjennomførte i dagane kring opningsdagen, blei særslig vellykka. Styret vil takke alle tilsette og andre som var med, for den innsats som blei ytt for å ferdigstille campusen og gjere innflyttinga vellykka.

Organisering av EVU-verksemda

Styret vedtok ei ny organisering av høgskolens verksemd innan etter- og vidareutdanning. Vedtaket, som blei fatta etter ei omfattande utgreiing og ein grundig debatt, inneber at høgskolen saman med Agderforskning opprettar eit eige aksjeselskap, FiloNova, som blir operatør for denne verksemda i tett samarbeid med høgskolens avdelingar.

Helse, miljø og tryggleik

Høgskolen har eit systematisk arbeid for utvikling av helse, miljø og tryggleik på arbeidsplassen, og styret vil gje honnør til og takke alle som har engasjert seg i dette arbeidet i 2001.

Organisasjon og personale

Høgskolens interne organisasjon har vore stabil i 2001. Samlokaliseringa på Gimlemoen gav enkelte organisatoriske utfordringar som er blitt løyste utan vesentlege endringar i organisasjonsstruktur og ansvarslinjer. Høgskolen står i alle høge framfor organisatoriske utfordringar knytt til kvalitetsreforma. Høgskolen har eit stabilt personale og jamt over god søkning til dei fleste ledige stillingar. Eit aukande tal nye pensjonistar i åra framover inneber at både nyrekrytering og intern kompetanseheving blir viktig.

Utsikter for framtida

Styret er optimistisk for den vidare utviklinga av høgskolen. Nasjonalt blir det svært viktig at høgskolane får auka tilgang på midlar til forsking, på lik linje med universiteta, og regionalt vil det ha sentral betydning at Sørlandets kompetansefond får det økonomiske grunnlaget som ein har forutsett, og at tilsvarande fond blir etablert i Aust-Agder.

Årsfest for første gong

Fredag 31. august arrangerte HiA for første gong akademisk årsfest. Hovudtalar var professor Ole Mjøs frå Universitetet i Tromsø. Siste års doktorandar frå HiA blei presenterte, og fekk kvart sitt kunstverk: "Undring" av Arild Andresen. På programmet stod elles tale ved rektor Ernst Håkon Jahr og musikkinnslag ved studentar og lærarar frå Avdeling frå kunstfag. HiA vil frå no av halde akademisk årsfest i slutten av august som ein fast tradisjon.



Rektor Ernst Håkon Jahr (t.v.) feira Stortingsvedtaket saman med instituttleiar Gudlaug Nedrelid ved Institutt for nordisk og mediefag og Ole Letnes, leiar i Høgskolerådet.

Tysdag 12. juni 2001 vedtok Stortinget at høgskolar skal kunne utvikle seg til universitet i Noreg. På Høgskolen i Agder spretta rektor sjampanjeflaska.

to vitskapar knytte til nordiskfaget. Høgskolen har også søkt om å få doktorgradsutdanning i matematikk og matematikkdidaktikk.

I tillegg søker høgskolen om doktorgradsutdanning innan økonomi og leiring. Det er også venta at høgskolen vil sende ein søknad om doktorgradsutdanning knytt til IKT i løpet av 2002.


– Dette er ein merkedag for både høgskolen og landsdelen. Det gjer etter alt å døme at me vil oppnå målet vårt om å bli universitet innan 2005, seier ein glad rektor Ernst Håkon Jahr.

– Dersom det er noko me bør markere med sjampanje, er det dette vedtaket i Stortinget. Det er historisk, og noko me som institusjon har arbeidd for lenge, saman med mange gode krefter i landsdelen, seier han.

Fire doktorgradar

Sentralt i stortingsvedtaket står kravet om fire doktorgradsutdanninger. Høgskolen i Agder har i dag doktorgradsutdanning i

– Vi er godt nøgde med at det no finst eit sett klare kriterium for opprykk til universitet. Det har me aldri hatt i Noreg før, seier rektor Ernst Håkon Jahr.



Intensjonsavtale med Videnskabsselskabet



Rektor Ernst Håkon Jahr og Videnskabsselskabets preses, professor Karsten Jakobsen.

Høgskolen i Agder inngjekk hausten 2001 ein intensjonsavtale om samarbeid med Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab. Det er første gongen i Videnskabsselskabets 241 år lange historie at det inngår ein slik avtale med ein forskingsinstitusjon utanfor Trondheim.

– Dette er ein avtale som er viktig reint fagleg sett, men som også er av stor symbolisk verdi. Han vil garantert bli lagt merke til i universitets- og høgskolesektoren i Noreg, seier rektor Ernst Håkon Jahr.

Sjølv utalen uttrykkjer intensjonen om eit samarbeid innanfor Videnskabsselskabets formål, som er å fremje og formidle vitenskapen, og innanfor høgskolens oppgåver som forskings- og utdanningsinstitusjon. Samarbeidet vil skje i form av konkrete prosjekt som for eksempel foredrag, faglege seminar og arrangement av forskingsformidlande karakter.

Eldst i Noreg

Videnskabsselskapet i Trondheim er det eldste av våre to nasjonale vitaksakademier. Det blei oppretta i 1760 av biskop J.E. Gunnerus. Selskapet har heile tida sidan vore eit nasjonalt selskap til fremjing av vitenskapen, sjølv om det alltid har hatt tilhald i Trondheim. Det Norske Videnskaps-Akademiet i Oslo blei til samanlikning stifta i 1857.

– Då biskop Gunnerus i 1771 foreslo at det skulle oppretta eit universitet i Kristiansand, sa han samstundes at dersom det blei noko av, ville han flytte Videnskabsselskapet hit. Som kjent skjedde det ikkje den gongen, men trådane blir knytte med den intensjonsavtalen om samarbeid som no blir inngått, seier Jahr, som saman med Videnskabsselskabets preses, professor Karsten Jakobsen, har forhandla fram avtalen.

Landets mest moderne høgskoleanlegg i Kristiansand



Statsminister Kjell Magne Bondevik opna onsdag 24. oktober landets mest moderne høgskole-anlegg på Gimlemoen i Kristiansand.

Sjølv utalinga blei markert med ein storstilt seremoni i Henrik Ibsens auditorium. Drygt 400 gjester frå heile landet var inviterte.

– Det er ei glede for meg å vere med på å opne Campus Gimlemoen. Det er no opp til høgskolen sjølv – og landsdelen – å utvikle institusjonen vidare, sa Bondevik i opningstalen sin.

Utviklingsmoglegheiter

Rektor Ernst Håkon Jahr kom inn på fleire sider ved utdannings-systemet i Noreg i sin tale. Han nytta også høvet til å vise til Finansdepartementets ønske om å illegge Sørlandets kompetansefond i Vest-Agder eit skattekrav på 110 millionar kroner.


– Den tanken er ein dårlig idé, som verkar direkte demotiverande, sa han, og håpa den nye regjeringa Bondevik ville fråfalle kravet så fort som mogleg.

Til ned til 2005

Etter at den høgtidelege opnings-seremonien var over, blei Kjell Magne Bondevik og dei øvrige gjestene viste om på Gimlemoen. Som ein del av omvisninga avduka statsministeren eit nedteljingsur, som tel ned til 1. januar 2005 – fristen høgskolen har sett seg som mål for å endre namn frå Høgskolen i Agder til Agder universitet.

Deretter var det duka for mat i studentkantina. Der kom mange av gjestene med helsingstalar. Høgskolen mottok ei rekke flotte gaver.

Organisasjonskart Høgskolen i Agder



6649 studentar hausten 2001

Høgskolen i Agder hadde 6649 registrerte studentar hausten 2001. Til saman utgjorde dei 6355 heiltidsekvivalentar – 236 fleire enn måltalet!

– Dette må seiast å vere svært tilfredsstillande, spesielt i ei tid med stadig mindre ungdomskull og fallande sökning til høgre utdanning generelt sett. Vi held oss med desse tala klart over måltalet i 2001 også, seier ein glad studiedirektør Per H. Iversen.

Studiedirektøren fortel at nedgangen i talet frå registrerte studentar til heiltidsekvivalentar i første rekke skjer fordi nokre av dei registrerte studentane studerer deltid, nokre studium er på berre 10 vekttal, og fordi studentar som held fram ut over normert studietid, er fastsett til 0,6 heiltidsekvivalentar.

Studiedirektøren fortel òg at når måltalet er overoppfylt, tyder det på at Høgskolen i Agder har eit godt rykte mellom studiesøkande unge, og at arbeidet med å sikre rekrutteringa er høgt prioritert også i 2001.

Studenttala for hausten 2001 ser slik ut når dei er fordelt på avdelingane:

- Avdeling for helse- og idrettsfag: 1132
- Avdeling for humanistiske fag: 927
- Avdeling for kunstfag: 179
- Avdeling for pedagogikk: 232
- Avdeling for realfag: 220
- Avdeling for teknologi: 1160
- Avdeling for økonomi- og samfunnsfag: 1611

I tillegg hadde høgskolen 1188 lærarstudentar.

